

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN  
\*\*\*\*\*

J. 5/83

Ark.no. 432.33

## FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKET MED NOTREISKAPAR ETTER SILD I TRONDHEIMSFJORDEN I JANUAR 1983.

Med heimel i § 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. februar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket, jfr. kgl. res. av 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 7. januar 1983 fastsett følgjande forskrifter:

## § 1

I eit område i Trondheimsfjorden avgrensa i vest av ei line mellom Frosetskjær lykt og Røberg lykt kan ein i januar månad 1983 fiske 350 hl sild med snurpenot og 550 hl med landnot til menneskemat.

Fiskeridirektøren kan stanse fisket når dei kvanta som er nemnde i første ledd er pårekna oppfiska.

## § 2

Høgste lovlege fangstkvantum er 165 hl for snurpenotfarty og 130 hl for landnotbruk.

## § 3

Feitsildfiskernes Salgslag, Trondheim, kan trekkje ut 3 snurpenotfarty og 7 landnotbruk mellom dei fartya som tok del i fiske etter sild i Trondheimsfjorden i 1982.

Feitsildfiskernes Salgslag kan fastsetje siste utseglingsdato for dei fartya som vert trekte ut.

## § 4

Det er forbode å låssetje, ta opp eller føre i land sild under 23 cm.

Utan hinder av første ledd kan fangstar ha inntil 20 prosent i vekt av sild under 23 cm.

## § 5

Fiskeridirektøren kan gi forskrifter til utfylling, gjennomføring og kontroll av desse forskriftene, med dette også reglar om låssetjing, prøvetaking og kontroll av fangstane.

Av omsyn til bestanden kan Fiskeridirektøren sperre for fisket etter sild i avgrensa deler av området nemnt i § 1.

Etter søknad frå Feitsildfiskernes Salgslag kan Fiskeridirektøren gi løyve til oppmaling for heile eller delar av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat.

## § 6

Forsettelege eller aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter.

## § 7

Desse forskriftene tar til å gjelde straks.

-----